

B-undersøkelse for lokalitet MATLAND (10137)


Lokalitetstilstand 1

Rapport ID 2752

Generell informasjon

Innsendt	2018-05-30T09:52:22Z
Oppdretter	AS BOLAKS - 930391328
Kompetent organ	FOMAS - FISKEHELSE OG MILJØ AS - 977041236
Dato prøvetaking	2018-05-15
Årsak	
Type anlegg	
Sammenheng / Konklusjon	
Materiale og metode	
Områdebeskrivelse	
Stasjonsopplysninger	
Resultat før strømmålinger	

MOM B-gransking av
oppdrettslokaliteten Matland
i Fusa kommune,
mai 2013



R
A
P
P
O
R
T

Rådgivende Biologer AS 1741



Rådgivende Biologer AS

RAPPORTENS TITTEL:

MOM B-gransking av oppdrettslokaliteten Matland i Fusa kommune, mai 2013

FORFATTARAR:

Joar Tverberg & Hilde Eirin Haugsøen

OPPDRAKSGJEVAR:

AS Bolaks

OPPDRAGET GJEVE:

8. mai 2013

ARBEIDET UTFØRT:

15.mai 2013

RAPPORT DATO:

7. juni 2013

RAPPORT NR:

1741

ANTAL SIDER:

24

ISBN NR:

ikkje nummerert

EMNEORD:

- Oppdrettslokalitet i sjø
- MOM B-gransking
- Lokalitetstilstand

SUBJECT ITEMS:

- Fôrforbruk
- Organisk belastning

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS
Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen
Foretaksnummer 843667082-mva
www.radgivende-biologer.no

Telefon: 55 31 02 78

Telefax: 55 31 62 75

E-post: post@radgivende-biologer.no

Framsidedfoto: Anlegget på lokaliteten Matland (frå <http://www.norgebilder.no/>). Ein har plassert anlegget slik det no ligg inn på kartet.

FØREORD

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå AS Bolaks utført ei MOM B-gransking på oppdrettslokalitet nr 10137 Matland i Fusa kommune. Lokaliteten er godkjent for ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 1560 tonn.

Den nye akvakulturdriftsforskrifta gjeldande frå 1. januar 2005 stiller krav om miljøovervaking av oppdrettslokalitetar i samsvar med NS 9410:2007. Første gongs miljøovervaking skal fortrinnsvis utførast når produksjonen er på topp, men granskinga bør seinare også utførast til andre tider av produksjonssyklusen for å kunne kartleggje lokaliteten sitt belastningsbilete i løpet av ein produksjonssyklus og rehabiliteringsevne i brakkleggingsperioden.

Denne rapporten presenterer resultatata frå ei MOM B-gransking med innsamling av botnprøvar av sediment og botndyr på lokaliteten den 15. mai 2013, ca 6 veker etter utsett av ny fisk på lokaliteten. Før utsettet hadde lokaliteten lagt brakk i 6 veker.

Rådgivende Biologer AS takkar AS Bolaks ved Roar Leksen for oppdraget.

Bergen, 7. juni 2013.

INNHALDSLISSE

FØREORD	2
INNHALDSLISSE	2
SAMANDRAG	3
OMRÅDE- OG LOKALITETSSKILDRING	4
ANLEGGET	7
METODE	8
RESULTAT	10
DISKUSJON	18
REFERANSAR	20
OM OPPDRETTSLOKALITETAR	21

SAMANDRAG

Tverberg, J. & Haugsøen, H. E. 2013.

MOM B-gransking av oppdrettslokaliteten Matland i Fusa kommune, mai 2013.


Rådgivende Biologer AS, rapport 1741, 24 sider.

Det er utført ei MOM B-gransking av oppdrettslokaliteten Matland i Årlandsfjorden i Fusa kommune den 15. mai 2013. Lokaliteten ligg godt beskytta for vêr og vind frå dei fleste retningane, men lokaliteten ligg noko eksponert til med vindretningar frå sørsørvest og sørvest. Botnen i lokalitetsområdet skrånar nedover under anlegget i anleggets lengderetning mot nordvest, og under anlegget er det frå ca 72 til 90 meter djupt. Frå anlegget skrår botnen jamt nedover mot sørvest til eit djupområde på ca 280 m djup om lag 2,3 km frå anlegget.

Tabell 1. Informasjon om lokalitet, produksjon og resultat.

Matland			
Lokalitetsnummer:	10137	Kartkoordinatar:	N60° 15.8720/Ø5° 39.6220
Type resipient:	Fjord	Djupne under anlegget:	72 – 90 m
Botntype/substrat:	Mest sand og silt. Innslag av grus og skjelsand.		
Produksjonsdata:			
MTB-tillating:	1560 tonn	Fiskegruppe:	2013G/vår
Biomasse ved granskinga:	Ca 32 tonn	Utføra mengde:	7,3 tonn på dette utsettet
		Produsert mengde:	Nyleg utsett
Resultat:			
Tidspunkt for gransking:	I startfasen	Indeks Gr. II+III:	0,78
		MOM B tilstand:	1 = 'meget god'

MOM B-granskinga syner at lokaliteten på prøvetakingstidspunktet hamna i tilstand 1 = ”meget god”. Ein oversikt over middelveidien av gruppe II + III parametrar syner at to enkeltprøver var ”god” (tilstand 2), og åtte var ”meget god” (**figur 1**). Tilstanden var jamt god under heile anlegget.




Det var gravande botndyr (infauna) på samtlege ti stasjonar, og det vart observert frå 20 til 150 børstemakkar på åtte av desse.

Lokaliteten var lite belasta på prøvetakingstidspunktet og syner god rehabiliteringsevne, noko som nok heng saman med den ikkje alt for intensive drifta i kombinasjon med at sedimentet på botnen har ein så pass grov struktur slik at det utgjer eit godt substratet for dei mest effektive gravande botndyra. Dette bidreg effektivt til ei god sedimentomsetjing av organisk materiale på botnen.


OMRÅDE- OG LOKALITETSSKILDING

MOM B-granskinga er utført på lokaliteten Matland i Fusa kommune. Lokaliteten ligg i Årlandsfjorden som er ein arm av Fusafjorden (**figur 2**). Lokaliteten ligg godt beskytta for vêr og vind frå dei fleste retningane, men lokaliteten ligg noko eksponert til med vindretningar frå sørsørvest og sørvest.



Figur 2. Oversiktskart over sjøområda rundt lokaliteten Matland i Årlandsfjorden, samt utsnitt av delar av Samnangerfjorden, Eikelandsfjorden og Fusafjorden. Kartgrunnlaget er henta frå <http://kart.kystverket.no>.

Årlandsfjorden er om lag 90 m djup ved anlegget og skrår jamt nedover mot sørvest til eit djupområde på ca 280 m djup om lag 2,3 km frå anlegget (**figur 3**). Vidare mot sørvest grunnast fjorden noko oppover igjen til ca 210 m djup litt før utløpet til Fusafjorden, før botnen igjen skrår vidare jamt nedover i Fusafjorden til om lag 445 m djup aust for Hatvik. Frå dette djupområdet og ut mot Bjørnafjorden er det ein djup ”terskel” mot sørsørvest på høgde med Osøyro med djupne på ca 190 meter, medan djupnene i Bjørnafjorden for det meste er 4-500 meter, og over 600 meter vidare nordover i Langenuen og ut i Korsfjorden. Det djupe Bjørnafjordsystemet er altså ikkje terskla ut mot Nordsjøen, og dette gjer at det vil vere kontinuerleg god utskifting og gode oksygentilhøve i heile vassøyla i fjordsystemet. Dei djupe ”tersklane” inn mot Fusafjorden og Årlandsfjorden gjer at det truleg også her vil vere kontinuerleg god utskifting og gode oksygentilhøve ned til botnen, og den lokale resipienten i Årlandsfjorden vil såleis ha god resipientkapasitet.




Figur 3. Utsnitt av Årlandsfjorden med 50-meters djupnekoter og avmerking av lokaliteten Matland. Kartgrunnlaget er henta frå <http://kart.kystverket.no>.

Lokaliteten ved Matland

Anlegget ved lokaliteten Matland er frittliggjande og ligg plassert vinkelrett på land, ca 85-170 meter frå land (**figur 4, framsidefoto**). Anlegget ligg i tilnærma retning søraust - nordvest. Under anlegget er det frå ca 72 til ca 90 meter djupt, og botn skrånar nedover under anlegget i anleggets lengderetning mot nordvest (**figur 5**). Gjennomsnittleg helningsgrad på botnen under anlegget er ca 25 %, dvs at botnen blir ca 2,5 m djupare for kvar 10 m. Det meste av helninga er i den søraustlege delen, medan botnen er nesten flat under den nordvestlege delen.

Ut frå karta verkar dette å vere ein god lokalitet for plassering av eit oppdrettsanlegg med moderat produksjon. Det er brukbare djupnetilhøve på lokaliteten, og området rundt lokaliteten ligg gunstig til i ein djup fjordresipient. Det ser ikkje ut til å vere større groper eller holer under anlegget der større mengder organisk materiale frå oppdrettsverksemda kan samle seg opp, men botnen er tilnærma flat under delar av anlegget, og organisk materiale kan såleis bli liggjande om lag der det sedimenterer. Belastninga vil dermed i stor grad vere avhengig av spreings- og botnstraumen som er på lokaliteten til ei kvar tid. Straumen i øvre del av vassøyla er middels sterk (Børsheim 2009b). Området rundt lokaliteten bør ut frå botntopografi og resipientkapasitet vere godt eigna til fiskeoppdrett.



Figur 4. Utsnitt av lokalitetsområdet ved Matland med djupnekoter og plassering av anlegget. Kartgrunnlaget er henta frå <http://kart.kystverket.no>, og anlegget er teikna inn etter GPS posisjonar tekne på prøvetakingstidspunktet den 5. mai 2011.

ANLEGGET

Lokaliteten har vore nytta til oppdrett lenge, men hadde i følge Børsheim (2009a) ikkje vore nytta til oppdrett dei siste 10 åra før det vart sett ut fisk i 2009. Lokaliteten er godkjent for ein MTB på 1560 tonn.

Anlegget på lokaliteten består av 3 stk bur à 25x25 m (innvendige mål) som er plassert på ei rekkje. Fôrflåten (ca 10x15 m) ligg midt på den austre langsida, med ei 3-4 meter lang gangbru til merd nr 2 (**figur 5**). Anlegget utanom flåten har ei rektangulær form med ytre mål på ca 27 x 80 m.

På prøvetakingstidspunktet var det vel 112.000 fisk i anlegget med ei snittvekt på ca 0,28 kg, til saman ca 32 tonn ståande biomasse. Fisken i anlegget var av V-13 generasjonen, og vart sett ut 1. april. I forkant av utsettet hadde lokaliteten vore brakklagt 6 veker, frå 15. februar 2013 til 1. april 2013. Det hadde berre vore ny fisk i 5-6 veker på lokaliteten føre MOM B-undersøkinga.

Anlegget er litt endra frå utsettet i april/mai 2009. Då låg det to stålbur på lokaliteten (tilsvarande dagens merd 2 og 3), samt ein liten ring (15m) i nærleiken av merd 3.

Fôrforbruk og produsert mengde fisk i perioden 2008 - 2013 har vore som følgjer (**tabell 2**):

Tabell 2. Anlegget sin driftshistorikk dei siste åra.

	2008	2009	2010	2011	2012	Pr. 15. mai 2013
Fôrmengd (tonn)	-	258	263	333,8	710	12,7
Produksjon (tonn)	-	215	219	278	592	Ca 12


METODE

MOM B-gransking på lokaliteten

På lokaliteten Matland er det gjennomført ei MOM B-gransking i tråd med metodikken gjeven i Norsk Standard, NS 9410:2007. Granskinga vart gjennomført 15. mai 2013.

Til prøvetakinga vart det nytta ein 0,028 m² stor van Veen grabb. Det vart teke prøvar på 10 stasjonar for analyse ut frå ein standardisert MOM-prøvetakingsmetodikk (**figur 5** og **tabell 4**). Posisjonar (WGS 84) er oppgitt i **tabell 3**.

Det vart teke 1-2 grabbhogg på kvar stasjon for å få opp ei representativ prøve. Ved utveljing av stasjonar vart det lagt vekt på å ta prøver på dei same stasjonane som ved førre gransking. Stasjonane var spreidd nokolunde jamt og tett langs ytterkanten på begge sider av anlegget (**figur 5**), og vil gje eit representativt bilete av belastninga på lokaliteten.



Figur 5. Anlegget ved Matland med 5-meters djupnekoter og oversyn over prøveuttak med plassering av dei 10 grabbhogga som vart tekne 15. mai 2013 (nummererte sirklar). Dei ulike merdane er nummerert frå 1 - 3.

Djupna på dei ulike stasjonane vart målt ved hjelp av merkingar på taua som vart nytta til grabbinga. Verdiane er i tillegg korrigert med nøyaktig djupne målt med ein SAIV SD204 nedsøkkbar STD/CTD sonde, som i tillegg logga temperatur, saltinnhald og oksygen annakvart sekund nedover vassøyla til botnen.

Måling av pH i sedimentprøvene vart utført med eit Sentron 1001 pH-meter, som blir kalibrert med buffer pH 4 og 7 før kvar feltøkt. Til måling av redokspotensial (Eh) vart det nytta ein M 241 Pt platina elektrode og ein REF201 Red Rod referanseelektrode frå Radiometer Analytical. Referanseelektroden gir eit halvcellepotensial på +199 mV ved 25 °C, +214 mV ved 10 °C og +223 mV ved 0 °C. Ved feltarbeidet vart 200 mV lagt til avlest verdi før innføring i ”prøveskjema” (**tabell 4**). Litt ulike halvcellepotensial ved ulike temperaturar ligg innanfor presisjonsnivået for denne type granskingar på ± 25 mV, som oppgitt i NS 9410:2007.

Skjema for prøvetakingspunkt

For å skildre innhaldet i grabben er det i skjema for prøvetakingspunkt i NS 9410:2007 oppgitt rubrikkar for primærsediment (jf. **tabell 3**). Under dei fleste oppdrettsanlegg finst det i varierende grad restar av døde blåskjel som stammar frå anlegget. I einskilde prøver kan desse utgjere eit betydeleg volum av den totale grabbprøven. Det vil ikkje vere rett å rubrisere dette som primærsediment, og me har valt å oppgje andelen blåskjelrestar og primærsediment kvar for seg, slik at desse til saman utgjer 100 % av prøva (eit unntak vil vere fjellbotn utan akkumulert materiale).

Mudder er oppgitt som ein type primærsediment i skjema for prøvetakingspunkt. Dette finst naturleg somme stader der det er store tilførsler av organisk materiale og/eller dårlege nedbrytingstilhøve, som til dømes utanfor elveosar (mykje lauv, kvist og mose m.m.) og nokre terskla basseng langs kysten (mykje fragment av tang og tare og lite oksygen). Oppdrettsanlegg blir vanlegvis ikkje lagt på slike plassar, og "naturleg" mudder er såleis lite aktuelt i skjemaet. Imidlertid kan ein etter ei tids drift på ein oppdrettslokalitet finne mudder-liknande materiale. Dette er delvis nedbrote organisk materiale (forkorta "dnom") som oppstår etter at botndyr (børstemakkar m.m.) har omsett fekalier frå anlegget. Dnom vil som regel vere små mørkebrune, luktfrie og mjuke fragment (tilsvarar om lag matjord), og skil seg frå lag av ferske fekalier, som er meir gulbrunt, sleipt og luktande. Eventuelle førekomstar av dnom i ei prøve blir rubrisert som mudder i skjemaet, for å skilje frå førekomst av ferskare fekalier.

Grabbhogg

Kvart grabbhogg vart undersøkt med omsyn på tre sedimentparametrar, som alle vart tildelt poeng etter kor mykje sedimentet var påverka av tilførsler av organisk stoff. Til fleire poeng prøva får, til meir påverka er ho.

Fauna-gransking (gruppe I) består i å konstatere om dyr større enn 1 mm er til stades i sedimentet eller ikkje. Det vert også utført ei enkel bestemming av organismane på staden, men det vert ikkje teke med prøvar til laboratoriet for nærare bestemming. Vurderinga blir gjeven 0 eller 1 poeng. Observasjonane av dyr er ikkje meint å vere noko anna enn ei grov, enkel vurdering av dyresamfunnet i prøvene der både antal artar og antal dyr (spesielt børstemakkar) er omtrentlege. Hovudføremålet er å vise om ein finn dyr, om ein finn fleire hovudgrupper samt ei grov, forenkla fordeling av artar innan kvar gruppe. **Kjemisk gransking (gruppe II)** av surleik (pH) og redokspotensial (Eh) i overflata av sedimentet vert gjeven poeng etter ei samla vurdering av pH og Eh etter nærare bruksanvisning i NS 9410:2007. **Sensorisk gransking (gruppe III)** omfattar eventuell førekomst av gassboblar og lukt i sedimentet, og skildring av sedimentet sin konsistens og farge, samt grabbvolum og tjukkeleik på deponert slam. Her vert det gjeve opp til 4 poeng for kvar av eigenskapane. **Vurderinga** av lokaliteten sin tilstand vert fastsett ved ei samla vurdering av gruppe I – III parametrar etter NS 9410:2007.

Måling av pH og Eh gjev ei kjemisk bestemming av belastningsgraden i sedimenta. Belasta sediment er sure, og i slike sediment vil ein måle låg pH. I sure sediment vert det tilsvarande målt eit lågt redokspotensial, noko som er eit mål på at det er lite eller ikkje noko oksygen i sedimenta. Måling av pH/Eh vart gjort ved å opne ei luke i grabben, og så plassere elektrodane forsiktig 1 – 2 cm nedi sedimentet. pH/Eh vart lest av når Eh synte tilnærma stabil verdi. Ved lite prøvemateriale i grabben vart innhaldet overført til ein plastbalje for måling av pH/Eh, for å unngå kontakt mellom platinaelektroden og metallet i grabben, noko som kan gje utslag på Eh-verdiane.

Utrekning av middelvei gruppe II & III i "PRØVESKJEMA"

Erfaringar med måling av pH/Eh har synt at lokalitetar kan få tildelt ein dårlegare tilstand enn dei fortener når ein samanliknar med vurderinga av sedimenttilstanden. For å vege opp dette misforholdet slik at ein får rettare tilhøve mellom måling av gruppe II parametrar (pH/Eh) og gruppe III parametrar (sedimenttilstand), reknar ein ut middelveien av desse to gruppene ved å slå saman poengsummen for måling av pH/Eh og korrigert sum av sedimenttilstanden for kvar enkelt prøve. Gjennomsnittet av desse middelveiane gir så tilstanden for gruppe II & III, som er grunnlaget for utrekning av lokaliteten sin tilstand (sjå "PRØVESKJEMA", **tabell 4**). I dei tilfella der ein ikkje har målte verdier av pH/Eh nyttar ein korrigert sum for gruppe III i staden for middelveien av gruppe II og III.

RESULTAT

KARAKTERISTIKK AV PRØVANE

Det var relativt enkelt å få opp eit representativt prøvemateriale (**tabell 3**). Prøvetakinga synte at anlegget sin primærbotn er sedimentbotn av noko varierende mengde og tjukkeleik, hovudsakleg sand og silt, og med noko varierende innblandingsgrad av sedimentfraksjonane skjelsand og grus. Det var blåskjelrestar frå anleggsdrifta i ni av prøvene, men ingen prøver inneheldt synlege spor av fôr eller fekalier. Grabbvolumet var variabelt, med frå 1/3 til vel 3/4 full grabb på sju stasjonar, mindre enn 1/4 grabb på to stasjonar og berre spor av sediment på ein stasjon (**tabell 4**). Dei fleste prøvene var gråbrune til brune, og konsistensen var for det meste mjuk, der to prøver hadde mjuk til fast i konsistens. Åtte av prøvane var utan korkje lukt eller gassbobling, medan ei prøve hadde svak lukt. Åtte prøver var "meget god" med omsyn til organisk belastning (tilstand 1), og to prøver var "god" (tilstand 2). Det vart påvist infauna på samtlige stasjonar.

Tabell 3. SKJEMA FOR PRØVETAKINGSPUNKT for granskningane 15. mai 2013 ved AS Bolaks, konsesjon H/Fs 1 sin lokalitet Matland. Andelen av dei ulike sedimentfraksjonane i prøvene er skjønsmessig vurdert i felt.


Prøvetakingsstad:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Djup (meter)	81	72	74	82	83	89	90	88	88	89
Posisjon nord: 60° 15,	840	832	819	825	826	836	486	859	857	853
Posisjon aust: 05° 39,	542	570	544	528	516	516	481	506	511	520
Antal forsøk	1	1	1	1	1	1	1	1	2	1
Spontan bobling										
Bobling v/prøvetaking										
Bobling i prøve										
Andel blåskjelrestar (%)	20	5	10		20	25	10	5	20	5
Andel primærsediment (%)	80	95	90	100	80	75	90	95	80	95
Skjelsand			45 %		25 %	5 %	spor			
Fordeling av primær-sediment										
Grus	5 %	10 %	spor		10 %	5 %		5 %		5 %
Sand	25 %	40 %	20 %	spor	20 %	10 %	30 %	30 %	30 %	30 %
Silt	35 %	25 %	5 %		20 %	40 %	35 %	35 %	35 %	35 %
Leire										
Mudder*	35 %	25 %	30 %	spor	25 %	40 %	35 %	30 %	35 %	30 %
Fjellbotn		ja								
Steinbotn										
Pigghudingar, antal										
Krepsdyr, antal										
Blautdyr, antal	1					9	7	4	4	5
Børstemakk, ca antal	20	5	150	1	80	20	25	25	65	90
<i>M. fuliginosus</i>										
Fôr / fekalier	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Beggiatoa										

*) Oppdrettsrelatert, dvs at over tid vil delvis nedbrote organisk materiale utgjere eit mudderlag med variabel tjukkeleik.


SKILDRING AV DEI EINSKILDE PRØVENE:

Bileta viser prøvene før og etter siling, dette er gjennomgåande.


Stasjon 1. Ca 1/5 grabb med ei mjuk, brun, luktfri prøve. Innhaldet bestod av ca 20% blåskjel og 80% primærsediment, derav 25% sand, 35% silt, 5% grus og 35% organisk materiale. Ca 20 makkar og eit skjell. Prøven inneheld også ein stein. Spor av lauv, barnål og kvistar.



Stasjon 2. Ca 1/2 dl brun, mjuk til fast luktfri prøve. Inneheldt 25% organisk materiale, 40% sand, 25% silt og 10% grus. Ca 5% blåskjelrestar i prøva. 5 makkar. Spor av tare, lauv og barnåler.



Stasjon 3. Vel 1/3 grabb med ei gråbrun, mjuk til fast og luktfri prøve. Totalvolum sammensett av 10% blåskjelrestar og 90% primærsediment, derav 30% organisk materiale, 45% grov skjelsand, 20% sand og 5% silt. 100-150 makkar. Spor av grus, terrestrisk materiale og raudalgar.




Stasjon 4. Tilnærma tom grabb med grå, fast og luktfri prøve som inneheldt spor av sand og organisk materiale, 1 makkar og ein oppskrappt stein. Truleg fjellbotn.



Stasjon 5. Vel ½ grabb med brun, mjuk prøve med svak lukt. Ca 10% blåskjel i totalvolum. Primærsedimentet bestod av 25% organisk materiale, 10% grus, 20% sand, 20% silt og 25% grov skjelsand. Det var ca 80 makkar i prøva. Ein del lauv og barnål og nokre større steinar i prøva.



Stasjon 6. Vel ¾ grabb med brun, mjuk og luktfri prøve. Ca 25% blåskjel og 75% primærsediment, derav 40% organisk materiale, 10% sand, 40% silt, 5% skjelsand og 5% grus. Ca 20 makkar, 9 skjel (*Thyasira sp.*) og ein stein. Ein del terrestrisk materiale i prøva (lauv og barnålar).



Stasjon 7. Knappt $\frac{3}{4}$ grabb med brun, mjuk og luktfri prøve. Fiskeline med søkk og sluk i prøve. 10% blåskjel og 90% primærsediment. Primærsediment samansett av 35% organisk materiale, 30% sand og 35% silt og med spor av skjelsand. 20-30 makkar. Prøva inneheldt spor av terrestrisk materiale.



Stasjon 8. Vel $\frac{1}{2}$ grabb med brun, mjuk og luktfri prøve. 5% blåskjel. 5% grus, 30% organisk materiale, 35% silt, 30% sand og spor av skjelsand. 20-30 makkar og 5 skjel. Spor av lauv og barnålar.



Stasjon 9. I første forsøk satt ein pinne fast i grabben og ca 1dl sediment kom med opp. På andre forsøk fekk ein opp vel $\frac{3}{4}$ grabb med brun, mjuk og luktfri prøve. 20% blåskjel og 80% primærsediment, derav 35% organisk materiale, 30% sand, 35% silt, og spor av grus. 50-80 makkar og 5 skjel. Spor av terrestrisk materiale (lauv, og restar av eit nylontau). (Berre andre forsøk avbildt).



Stasjon 10. Vel $\frac{3}{4}$ grabb med brun, mjuk og luktfri prøve. 5% blåskjel. Primærsediment av 30% organisk materiale, 30% sand, 35% silt, 5% grus og spor av skjelsand. 80-100 makkar og 5 skjel. Spor av lauv og barnålar.



Gruppe I: Fauna



Det vart påvist representative dyr i alle ti prøvene. Innan hovudgruppa **blautdyr** vart det funne frå 1 til 9 skjel på 6 av stasjonane. Flest dyr vart funne innan hovudgruppa **børstemakk**, der det vart det funne 1 og 5 individ på høvesvis stasjon 4 og 2, og mellom 20-150 individ på dei resterande stasjonane.

Indeksen for gruppe I er 0, og lokaliteten sin miljøtilstand med omsyn på fauna er A, jf. «prøveskjema» (**tabell 4**).


Gruppe II: Surleik og elektrodepotensial - pH/Eh

Det vart målt pH/Eh på ti stasjonar (**figur 6**). Den målte verdien av pH var frå moderat høg til høg i samtlege prøver med verdiar frå 7,4 til 7,98. Det tilhøyrande redokspotensialet (Eh) for to av desse prøvene låg mellom -43 og -35 mV etter tillegg for eit referanseelektrodepotensial på + 200 mV. Det vil seie at desse prøvene hamna i tilstand 2 = "god". Dei åtte resterande prøvene hamna i tilstand 1 = "meget god" med omsyn på pH/Eh, med Eh-verdiar mellom -40 og +334 mV.

Ut frå poengberekninga i **tabell 4** ser ein at samla poengsum for dei ti prøvene var 6. Dette gir ein indeks på 0.60, og måling av pH og Eh for heile lokaliteten svare til tilstand 1 = "meget god".



Figur 6. Elektrodepotensial (oppe til venstre) og surleik (oppe til høgre) og forholdet mellom dei (til høgre) i 10 grabbhogg (jf. figur 5) tekne 15. mai 2013 ved Matland.



Gruppe III: Sedimenttilstand

Med omsyn til sedimenttilstand fekk fire prøver 6 poeng og to prøver 5 poeng, og desse hamna i tilstand 2 = "god". Dei resterande fire prøvene fekk frå 0 til 4 poeng og hamna i tilstand 1 = "meget god" (tabell 4).

Samla poengsum for alle prøvene var 44, og korrigert sum blir 9,7. Dette gir ein indeks på 0,97, og sedimenttilstand for heile lokaliteten tilsvarar tilstand 1 = "meget god", jf. tabell 4.

Tabell 4. PRØVESKJEMA for granskingane 15. mai 2013 ved AS Bolaks, konsesjon H/Fs 1 sin lokalitet Matland.


Gr	Parameter	Poeng	Prøve nr										Indeks				
			1	2	3	4	5	6	7	8	9	10					
	Dyr	Ja=0 Nei=1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,00				
I	Tilstand gruppe I		A														
II	pH	verdi	7,44	7,74	7,56	7,98	7,46	7,41	7,66	7,58	7,4	7,47					
	Eh	verdi	215	134	-40	334	-43	-35	130	15	201	195					
	pH/Eh	frå figur	0	0	1	0	2	2	0	1	0	0	0,60				
	Tilstand prøve		1	1	1	1	2	2	1	1	1	1					
Tilstand gruppe II		1															
Buffertemp: 8,4 °C Sjøvasstemp: 8,6 °C Sedimenttemp: ca 8,7 °C pH sjø: 7,78 Eh sjø: +341 Referanseelektrode: +200 mV																	
III	Gassbobler	Ja=4 Nei=0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0					
	Farge	Lys/grå=0			1	I N G E N P R Ø V E											
		Brun/sv=2	2	2			2	2	2	2	2	2	2				
	Lukt	Ingen=0	0	0	0		1	0	0	0	0	0	0				
		Noko=2															
	Sterk=4																
		Fast=0		1	1												
	Konsistens	Mjuk=2	2				2	2	2	2	2	2	2				
		Laus=4															
	Grabb- volum	<1/4 =0	0	0													
		1/4 - 3/4 = 1			1		1	1	1	1							
	Tjukkelse på slamlag	> 3/4 = 2										2	2				
		0 - 2 cm =0	0	0	0		0	0	0	0	0	0	0				
	2 - 8 cm = 1																
	> 8 cm = 2																
SUM:			4	3	3	0	6	6	5	5	6	6					
Korrigert sum (*0,22)			0,88	0,66	0,66	0	1,32	1,32	1,1	1,1	1,32	1,32	0,97				
Tilstand prøve			1	1	1	1	2	2	2	2	2	2					
Tilstand gruppe III		1															
II +	Middelverdi gruppe II+III		0,44	0,33	0,83	0	1,66	1,66	0,55	1,05	0,66	0,66	0,78				
	Tilstand prøve		1	1	1	1	2	2	1	1	1	1					
III	Tilstand gruppe II+III	1															
<table border="1" style="width: 100%;"> <tr> <td>“pH/Eh”</td> <td></td> </tr> <tr> <td>“Korr.sum”</td> <td></td> </tr> <tr> <td>“Indeks”</td> <td>Tilstand</td> </tr> <tr> <td>< 1,1</td> <td>1</td> </tr> <tr> <td>1,1 - 2,1</td> <td>2</td> </tr> <tr> <td>2,1 - 3,1</td> <td>3</td> </tr> <tr> <td>> 3,1</td> <td>4</td> </tr> </table>			“pH/Eh”		“Korr.sum”		“Indeks”	Tilstand	< 1,1	1	1,1 - 2,1	2	2,1 - 3,1	3	> 3,1	4	
“pH/Eh”																	
“Korr.sum”																	
“Indeks”	Tilstand																
< 1,1	1																
1,1 - 2,1	2																
2,1 - 3,1	3																
> 3,1	4																
<table border="1" style="width: 100%;"> <tr> <td colspan="2">“Tilstand”</td> <td>Lokalitetens</td> </tr> <tr> <td>Gruppe I</td> <td>Gruppe II & III</td> <td>tilstand</td> </tr> <tr> <td>A</td> <td>1, 2, 3, 4</td> <td>1, 2, 3, 4</td> </tr> <tr> <td>4</td> <td>1, 2, 3</td> <td>1, 2, 3</td> </tr> <tr> <td>4</td> <td>4</td> <td>4</td> </tr> </table>			“Tilstand”		Lokalitetens	Gruppe I	Gruppe II & III	tilstand	A	1, 2, 3, 4	1, 2, 3, 4	4	1, 2, 3	1, 2, 3	4	4	4
“Tilstand”		Lokalitetens															
Gruppe I	Gruppe II & III	tilstand															
A	1, 2, 3, 4	1, 2, 3, 4															
4	1, 2, 3	1, 2, 3															
4	4	4															
LOKALITETENS		1															
TILSTAND :																	

Lokaliteten sin tilstand

Samla poengsum for middelværdien av samtlige 10 prøver var 7,84. Dette gir ein indeks på 0,78, og tilstand for gruppe II (pH/Eh) og III (sedimenttilstand) vurdert under eitt blir dermed tilstand 1= "meget god", jf. «prøveskjema» (tabell 4).

Basert på undersøkning av dyr, pH/Eh og sediment var lokaliteten på prøvetakingstidspunktet i samsvar med vurderingskriteria for ei B-undersøkning innanfor tilstandsklasse 1 = "meget god".

Ei oppsummering av sedimenttilstanden for kvar enkelt prøve basert på middelværdien av gruppe II og III syner at lokaliteten var lite belasta, og at det berre var to prøver sentralt på vestsida av anlegget som var moderat belasta (figur 7). Desse to enkeltprøvene hadde ein middelværdi av gruppe II+III på 1,66 (tabell 4).



Figur 7. Oversikt over MOM B-tilstand (middelværdien av gruppe II og III parametar) for dei 10 grabbhogga som vart tekne på lokaliteten Matland ved førre granskingar: 20. april 2009 (oppe til høgre; henta frå Børsheim 2009a), 5. mai 2011 (nede til høgre; henta frå Brekke & Tveranger 2011). Og denne granskinga, 15. mai 2013 (til venstre). Det er lagt til ei merd i sør (merd 1) i seinare år i høve til i 2009.

DISKUSJON

Ut frå vurderingskriteriene i NS 9410:2007 er det dokumentert at MOM B tilstanden til lokaliteten på prøvetakingstidspunktet var "meget god" (tilstand 1). To av ti enkeltprøver var "god" (tilstand 2), medan dei åtte resterande prøvene var "meget god". Prøvetakinga vart gjort om lag 12 veker etter at lokaliteten var ferdig utslakta rundt 15 februar 2013. Seks veker før granskinga var det sett ut ny fisk i anlegget (13G Vår). Det var ca 32 tonn ståande biomasse i anlegget ved granskinga (rundt 112.000 smolt á 280 gram), som utgjer vel 2% av maksimalt tillaten biomasse på 1560 tonn.


Tilstanden var jamt god under heile anlegget, og det at nokon prøver var middels belasta skuldast eit noko negativt elektrodepotensial kombinert med innslag av lukt eller stort grabbvolum (mykje sediment). pH var i all hovudsak høg med verdiar godt opp på 7-talet. Det var til dels mykje dyr på alle stasjonar. Dette syner at lokaliteten har hatt ein god rehabiliteringsevne i brakkleggingsperioden, og det var godt med dyr under det meste av anlegget, noko som er positivt med tanke på sedimentomsetninga.

Sjølv om botnen under anlegget er relativt flat og med ei middels djupne under anlegget, er det godt med sediment på lokaliteten, der sedimentet for det meste består av sand og silt med nokre innslag av skjelsand og grus. Dette er eit godt substrat for dei mest effektive gravande botndyra, og bidreg effektivt til ei god sedimentomsetjing av organisk materiale på botnen. Det var gravande botndyr (infauna) på samtlege stasjonar, i fire av prøvene var det rundt 20 børstemakkar, i fire frå 65-150, medan det berre var 1-5 makkar i to av prøvene. Dette svarar til høvesvis omtrent 700, 2000-5000 og 35-175 individ pr m².

Det har vore føreteke to MOM B-granskingar tidlegare, i april 2009 og mai 2011. Granskinga i 2009 vart utført i forkant nytt utsett av ca 118 000 smolt etter ti års brakklegging, og MOM B-granskinga fungerte soleis som ei referansegransking i samband med ny drift på lokaliteten (Børsheim 2009a). Granskinga synte at lokaliteten var lite belasta og hamna i tilstand 1 = "meget god" (Børsheim 2009a), og korrigert lokalitetsindeks var 0,44 (sjå Brekke & Tveranger 2011).

Granskinga i mai 2011 vert føreteke etter ein generasjon med fisk på lokaliteten, og etter 7 månaders brakklegging og tre veker med ny fisk i anlegget. Anlegget si lokalitetsindeks hadde då auka til 0,90, som synte at lokaliteten var godt rehabilitert, om ikkje tilbakeført til upåverka botntilstand (Brekke & Tveranger 2011).

Noverande gransking, føreteke i mai 2013 synte ei lokalitetsindeks på 0,78 etter nok ein generasjon av fisk, 6 veker brakklegging og 6 veker med ny fisk i anlegget. Sedimentsamansetninga er noko endra sidan førre undersøking, med større innslag av silt og auke i oppdrettsrelatert organisk materiale. Sedimenta hadde også noko mjukare konsistens. Dette gav ei høgare indeks for sediment (gruppe III) enn førre undersøking (0,97 i 2013 mot 0,59 i 2011). Men pH/Eh (gruppe II) gav mykje lågare indeks (0,60 i 2013 mot 1,20 i 2011), noko som samla (gruppe II+III) gav lågare indeks i 2013 enn 2011 (høvesvis 0,78 og 0,90, **Figur 9**). Dette syner framleis god rehabiliteringsevne på anlegget, med drifta liggjande godt innafor akseptable grenser i høve til belastningsgrad på lokaliteten. Lokaliteten har god rehabiliteringsevne og ser ut til å fungere godt i høve til godkjend MTB på 1560 tonn og dagens driftsmønster.



Figur 8. Utvikling av MOM B-tilstanden i høve til produksjonssyklus for lokaliteten Matland i Fusa kommune. Data er henta frå Børsheim (2009a), Brekke & Tveranger (2011) og den siste granskinga 15. mai 2013.

REFERANSAR

Tidlegare rapportar:

BREKKE, E. & B. TVERANGER 2011

MOM B-undersøkelse på lokalitet Matland i Fusa kommune, mai 2011.
22 sider.

BØRSHEIM, K. 2009 a.

MOM B-undersøkelse på lokalitet Matland i Fusa kommune.
Fiskehelse og Miljø AS, rapport 2009-157, 17 sider.

BØRSHEIM, K. 2009 b.

Lokalitetsklassifisering av lokalitet Matland i Fusa kommune.
Fiskehelse og Miljø AS, rapport 2009-169, 33 sider.

Andre referansar:

GAUSEN, M., A. NÆSS, A. BERGHEIM, P. HØLLAND & J. RAVNDAL 2004.

Oksygentilsetting i laksemerder gir økt slaktekvantum.
Norsk Fiskeoppdrett, nr 6, 2004, side 52 – 54.

HANSEN, P.K., A. ERVIK, J. AURE, P. JOHANNESSEN, T. JAHNSEN, A. STIGEBRANDT & M. SCHAANNING 1997.

MOM - Konsept og revidert utgave av overvåkningsprogrammet. 1997
Fisken og Havet nr 5, 55 sider.

KOSMO, J.P. 2003.

Norske oppdrettere og benchmarking – økt konkurransekraft.
Norsk Fiskeoppdrett, nr 15, 2003, side 38 – 39.

NORSK STANDARD NS 9410: 2007

Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg.
Standard Norge, 23 sider.

OM OPPDRETTSLOKALITETAR

Val av lokalitet har etterkvart vorte ein kritisk suksessfaktor for å oppnå vellykka driftsresultat, då det i dei seinare åra har gått mot ein stadig større konsentrasjon av volum og biomasse pr lokalitet. Dette stiller større krav til straumtilhøve og djupne på lokaliteten, botntopografi, samt lokaliteten og området omkring si evne til å omsetje det tilførte materialet frå anlegget.

Akvakulturdriftsforskrifta har krav om miljøovervaking av lokalitetar med produksjon av fisk. Det er eit mål at oppdrettsaktiviteten ikkje skal påføre det ytre miljø skade og påverknad utover det som er akseptert i etablerte standardar og normer for næringa, slik som m.a. definert i NS 9410:2007, ”Miljøovervåking av bunnpåverknad fra marine akvakulturanlegg”. Standarden er utvikla på bakgrunn av mellom anna rapporten ”MOM (Matfiskanlegg - Overvåking - Modelling) - Konsept og revidert utgave av overvåkingsprogrammet” (Hansen m. fl., 1997). MOM består av eit overvåkingsprogram (B- og C-granskingar) og ein modell for berekning av lokaliteten si berevne og fastsetjing av lokaliteten sin produksjonskapasitet. MOM B-granskingane er ei enkel trendovervaking av botntilhøva under eit oppdrettsanlegg. Dette er granskingar som i hovudsak skal skildre ein lokalitet og omfanget av påverknaden på denne frå fiskeanlegget. Både middeltilstanden for lokaliteten og tilstanden under dei ulike delane av anlegget vert kartlagt. Ei MOM B-gransking vurderer altså ikkje verknaden på sjølve resipienten. Det skjer gjennom ei MOM C-gransking.

Alle lokalitetar skal såleis i varierende grad underleggjast ulike typar miljøgranskingar. Mellom anna skal det utførast miljøgranskingar under anlegga ved topp-produksjon i kvar driftssyklus. Hovudmålet med miljøgranskingar på oppdrettsanlegg er å avgjere i kva grad drifta påverkar det ytre miljøet. Fram til no har det derimot vore lite merksemd retta mot korleis dei ytre miljøtilhøva påverkar velferda til fisken, då det indre miljøet i anlegget i stor grad blir påverka av det ytre miljøet.

